

Fylkesmannen i Vestland  
Mattilsynet Region Sør og Vest  
Fiskeridirektoratet Region Vest  
Kystverket Vest

Dato: 14.03.2019  
Vår ref.: 2019/2597-6  
Saksbehandlar: Trond Wahl  
Telefon: 40 91 62 23

## Lingalaks AS - Søknad om auke i maksimal tillaten biomasse på lokalitet 12096 Bergadalen i Kvam kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 07.03.2019 frå Lingalaks AS om auke i maksimal tillaten biomasse på lokalitet 12096 Bergadalen i Kvam kommune.

Eksisterande anlegg er i dag godkjent ein produksjon på 2340 tonn. Lingalaks AS søker noe om ein produksjon på 3120 tonn. Dei skriv i søknaden at dei opplever at dei når maksimal MTB tidlegare enn ynskjeleg. Det gjer at dei må slakte fisk som kunne ha vakse seg større ved slaktestidspunktet. Utvidinga vil ikkje innebere ei auke i tal fisk i merdane, men vert gjort for å auke fisken sin slaktestorleik. Det er ikkje søkt om anna endring på lokaliteten.



Bilete. Lokalitet Bergadalen.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta.

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høringsparten må eventuelt konkretisere kva tilhøve som bør undersøkast nærare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Austevoll kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Trond Olav Wahl  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*